



Fjelberg prestegjeld

Nr 1 April 2006 22.Årg.

Den største og viktigaste sigeren

På store internasjonale idrettsarrangement i landet vårt kan folk gleda seg stort når nordmenn gjer det godt i konkurransen. Då kan dei syngja: "Seieren er vår, seieren er vår. Vi har vunnet. Seieren er vår."

Songen gir uttrykk for ei oppleving av siger, men det er berre sigerherren som får premien. Annleis med Jesu siger påskedag. Hans siger kan alle menneske få del i gjennom dåpen til Jesus og trua på han.

Vi lever i ei verd fylt av liding av

mange slag. Vi kan berre tenkja på alle dei som er sjuke, på dei mange ulukker og på kor mykje liding krigar gir.

Men i denne verda finst det håp. Liding og død er ikkje det siste. Det fortel Jesu liding, død og oppstode oss. Som Guds Son og sant menneske døydde han på krossen. Krossen synest å fortelja oss at vondskapen knuste kjærleiken. Men sanninga er ein annan. Kjærleiken sigra over vondskapen. Jesus døydde for oss. Han er sigerherren over alle vonde makter. Døden kunne ikkje halda på han som er kjærleiken.

Det kristne håpet handlar om Jesus og Guds rike som alt no er iblant oss gjennom Bibel, dåp og nattverd. Det kjem fullkome til oss når tida tek slutt.

Nokre som har opplevd mykje liding i livet, seier: "Vi har lært at vi må stola på Jesus. Vi har jo ikkje andre å gå til."

Den største og viktigaste sigeren har Jesus vunne for oss påskedag. Han lever!

TN

Jubileumshelg på Halsnøy

Helga 10.-11. juni blir ei stor kulturhelg på Halsnøy. Dette er dagar då dei fleste øybuar og eventuelle tilreisande vonleg finn eitt eller anna dei har lyst å delta på. Det skal då markerast at det er 150 år sidan skuta "Skjoldmøen" vart bygd her på øya.

Det er laga eit minnesmerke for denne skuta. Dette skal plasserast på Larsstø og avdukast laurdag 10. juni. Det blir ulike kulturinnslag under denne avdukinga. Etter programmet der blir det opna ei utstilling på samfunnshuset. Utstillinga skal femna ei rekkje ting som har

med skipsbyggjing på Halsnøy gjennom tidene å gjera. På kvelden blir det festmiddag på folkehøgskulen. Der blir innbedne gjester med - og andre interesserte så langt plassen rekk.

Denne helga skipar også klostervenene dei tradisjonelle Klosterdagane. Arrangørane av desse to tilskipingane vil såleis samarbeida om innhaldet dagane skal ha. Såleis blir det etter festmiddagen på laurdag kveld, eit utarrangement i Klosteret.

Sundag formiddag er det gudsteneste i Eid kyrkje. Der vil kyrkjeskippet "Skjoldmøen" bli overlevert til Eid kyrkjelyd. Som dei fleste sikkert har fått med seg gjennom an-

dre media, er dette ein modell av den verkelege "Skjoldmøen". Eindel dyktige handverkarar frå øya vår har bygd skuta på fritida og gir henne som gåve til kyrkja. På denne gudstenesta kjem også biskopen og andre representantar frå bispedømet.

For dei som har tilgang til internett, kan me nemna at det på nettstaden www.skjoldmoen.no vil finnast nærare opplysningar om programmet for denne helga. Dei som er interesserte, kan såleis verta oppdaterte på kva som skal skje etterkvart som dei ulike "brikkene fell på plass".

NA

KVA HENDER I FJELBERG PRESTEGJELD

Eit meldingsblad for Fjelberg prestegjeld

Redaksjonen:

Soknepresten 53 47 62 47
Norunn Agdestein 53 47 64 64
Harald Thuestad 53 47 27 76
Roar Sæbø (kasserar) 53 47 63 60

KYRKJELEGE ARBEIDARAR:

Terje Nag 53 49 40 64
Sokneprest

Ole A. Helland 984 16 333
Organist

Grete Svalland 53 47 64 72
Kontormedarb.

Fjelberg og Eid sokneråd:

Oddmund Tofte 53 47 40 81
Soknerådsformann

Fjelberg kyrkje:

Grete Svalland 53 47 64 72
Kyrkjetenar/klokkar

Eid kyrkje:

Håvard Eide 53 47 64 20
Klokkar

Idar Bjørgen 53 47 72 55
Kyrkjetenar/gravar

Kontortid, kyrkjekontoret.

Tysdag og torsdag kl. 11.00-14.00

Telefon 53 47 62 47
Fax 53 47 20 22

Internettsider:

www.kyrkja-kvinnherad.no
www.menighetsblad.no

e-mail til redaksjon:

red.fjelberg@knett.no

Trykking og utsending av blad kostar. Det vert ikkje billigare med åra. Ønsker DU å støtta til, kan du betala til kontonummer: 0530.03.52369. All hjelp tas imot med TAKK.

Døypte i Eid kyrkje

26.12.05 Maria Karin Eide
26.12.05 Serine Sørstrømmen
Bondhus
26.12.05 Johannes Eide Myklebust
26.12.05 Elias Skaare-Fatland
29.01.06 Mats Hansen Eide
12.02.06 Margrethe Hillestad
12.02.06 Linnea Eide
12.02.06 Amalie Hillestad-Eide
12.02.06 Kjell Cristian Johnsen

Gravlagde ved Fjelberg kyrkje

10.01.06 Alfred Skålnes
17.01.06 Alf Nordhus

Gravlagde ved Eid kyrkje

13.12.05 Johanna Johnsen
05.01.06 Johne Kristian Nygaard
12.01.06 Odd Bratland
24.01.06 Magne Teodor Hvidevoll
10.02.06 Gunnvald Baldersheim
03.03.06 Liva Juel

Gudstenesteliste for Fjelberg og Eid

14.mai Inga gudsteneste
17.mai Kl. 10.30 Fjelberg, 17-maigudsteneste
17.mai Kl. 12.00 Eid, 17-maigudstenete
21.mai Kl. 11.00 Eid, Nattverd
25.mai Kl. 11.00 Faltland bedehus
28.mai Kl. 11.00 Høylandsbygd bedehus
04.juni Kl. 11.00 Eid
05.juni Kl. 11.00 Fjelberg, Pinsestemne
11.juni Kl. 11.00 Eid, Festgudsteneste
18.juni Fjelberg, Sommarkonsert
25.juni Kl. 11.00 Høylandsbygd bedehus
familiegudsteneste
02.juli Kl. 11.00 Fjelberg, nattverd
08.juli Kl. 11.00 Fjelberg, marknadsgudst.
09.juli Kl. 11.00 Eid
16.juli Inga gudsteneste
23.juli Kl. 11.00 Eid, nattverd
29.juli Fjelberg, olsok sjå lysing
30.juli Inga gudsteneste
06.aug Kl. 11.00 Eid
13.aug Kl. 11.00 Fjelberg, nattverd
20.aug Kl. 11.00 Eid, presentasjonsgudst.
27.aug Kl. 11.00 Fjelberg, presentasjonsgudst.
03.sep. Kl. 11.00 Eid, nattverd

Visitas i Fjelberg og Eid

Det vert bispevisitas i Fjelberg og Eid sokn frå 8. – 12. november i år. Det er biskop i Bjørgvin, Ole D. Hagesæther, som kjem. Vi kjem attende til visitasen i neste nummer av kyrkjelydsblad.

TN

Fylgjande har fullført konfirmantopplegget i Fjelberg og Eid hausten 2005/ våren 2006:

Oliver Eivind Anderson
Stine Eva Mariell Anthonson
Katrine Eide
Lene Heggebø Eide
Mona Lien Eide
Silvia Hvidevold
Hilde Margrete Eide Landa
Signe Johnsen Landa

Malene Isdal Larsen
Marie Charlotte Monsen
Astrid Rusten
Michael Andre Skjulestad
Kjell Solheim
Marianne Thormodsæter
Marcus Medhus Øvrevik

KonfCamp 06

KonfCamp vert i år frå 3. – 9. juli på Risøya ved Tvedestrand. KonfCamp er eit opplegg på Skjærgårds M & M (Music and Mission) som vert kalla for "den beste kristne ungdomsfestivalen i Norge." På KonfCampen samlast mange hundre konfirmantar frå ulike delar av landet.

I år er det stor interesse herifrå for å reisa til KonfCamp 06. Det vert over 30 deltakarar. Då er og leiarane talde med.

TN

Innsamlinga ved konfirmantane

Konfirmantane gjorde ein flott innsats ved innsamlinga 22/3-06 til misjonær Anne Storstein Haug sitt arbeid på barneheimen "Home of Praise" i Bangkok, Thailand. Det vart samla inn kr. 12.338 i Fjelberg og Eid sokn.

Eg har sendt melding om resultatet av innsamlinga til Anne. Ho skriv tilbake: "Så flott da. Tusen takk skal dere ha. Vi er helt avhengig av den støtten vi får fra Norge."

Mange takk til alle som gav, til konfirmantane og til dei andre som hjalp til.

TN

Fellesgudsteneste 2 juli 2006 kl 14.00

Fjordkafeen skipar til Fellesgudsteneste mellom alle tre sokna i Kvinnherad og Etne søndag 2. juli på Bjellandsnes.

Fjordkafeen er eit sommarprosjekt i juli månad i tilknytning til den gamle krambua på kaien i Bjellandsnes. Denne vart nedlagt i 1964, men vart opna som sommarprosjekt i 2005. Også då var det gudsteneste; den gong med biskop Tito fra Colombia.

Bjellandsnes ligg i Etne kom-

mune midt i Åkrafjorden, men på «Kvinnheradsido».

Skyss: Båt frå Utåker kl. 13.00. Kr. 50.- tur/retur. Påmelding til Gisle Sellevold tlf 4733 9600

Tur over fjellet? Gisle Sellevold vil prøva å få til ein guida tur frå Blådalsområdet langs den gamle stien over fjellet slik at ein når fram i god tid til Gudstenesta. For nærare informasjon, ta kontakt med Gisle Sellevold tlf. 47 33 96 00 eller internettsida www.klypetussen.no og sida om fjordkafeen.

H.T



Tilsendt foto.

LIVSTEIKN FRÅ DET NYE SOKNERÅDET

Det nye soknerådet er komen i gong med arbeidet og har hatt tre møte så langt dette året. Sjølv om me kanskje enno kjenner oss som noviser i høve dei oppgåvene som ligg framfor oss, er me byrja å få eit innblikk i kva våre nye roller inneber. Ettersom det nå er to sokneråd som er slegne saman til eitt, har me snakka om at det etterkvart truleg vert naudsynt å prioritera bort enkelte oppgåver. Så langt meiner me at interessene til det gamle Fjelberg sokn vert tekne vare på, og me kan opplysa om at det også i år

vil verta pinsestemne på Fjelberg. Elles har me nyleg hatt ein innsamlingsaksjon der konfirmantane gjekk rundt med bøsser til inntekt for eit misjonsprosjekt i Thailand. Pengane skal gå til ein barnehage i slummen som vert driven av Anne Storstein Haug. På siste soknerådsmøte var proststen på vitjing. Han la opp til refleksjon omkring sokne-rådet sine naturlege oppgåver, og lanserte ideen om at me kunne leggja fram ein forslagskasse i kyrkja, ha evalueringsskjema etter gudstenestene, innby til

samtalegrupper m.a. Også Johannes Eide var til stades ved dette møtet og la fram tankar omkring overleveringa av Skjoldmøen, som vil finna stad under høgmesse den 11. juni i Eid kyrkje. Dette vert ein spanande dag der også biskopen kjem på vitjing, og me vonar at fleire med oss finn vegen til kyrkja denne dagen.

R.I.C

Fjelbergstemnet for Misjonsalliansen 2. pinsedag

Fjelbergstemnet for Misjonsalliansen vert også i år skipa til i Fjelberg kyrkje 2. pinsedag, 5. juni.

Stemnet tek til med gudsteneste. Sokneprest Terje Nag og avtropande generalsekretær i Misjonsalliansen, Nils Tore Andersen, vert med. Vi vonar Hans Olav Tungesvik kjem.

Etter gudstenesta vert det tid til drøs på kyrkjebakken og høve til å

kjøpa mat og drikke i Fjelberg prestegård før møtet om ettermiddagen.

Det vert høve til å gje ei gåve til Misjonsalliansen sitt arbeid.

Fjelbergstemnet har sin bakgrunn i at grunnleggjaren av Misjonsalliansen, Ludvig Eriksen fekk sitt andelege gjennombrot og fann si livsoppgåve på Fjelberg då han vitja presten der i 1887. Det førte til

at han reiste til Kina som misjonær og stifta Misjonsalliansen i 1901.

Misjonsalliansen er kjend for sitt arbeid for fattige og sjuke born, for sitt fjernadopsjonsprogram og for ordninga med mikrokreditt.

Me vonar mange vil ta med seg familie og vener og finna vegen hit i år og.

Fjelberg og Eid sokneråd

80-års jubileum til LYNGBLOMSTEN



Margarita og Åslaug syng



Margrethe Rusten og Bertine Ingeborg Kviteberg syng



Nokre ungar fra barneforeninga syng

Barneforeninga «Lyngblomsten» blei starta i 1925 av Hilda Kleve-land. Foreninga har i alle år vore tilslutta Det Norske Misjonselskap. Kvart år har dei hatt basar der overskuddet har gått til misjonen. Dei siste åra har foreninga hatt ein minileir samstundes med Barnas misjonsdag i Eid kyrkje. Det er Det Norske Misjonsselskap som har denne dagen. Foreninga talde 15 medlemmar det siste året.

27 des 2005 var det duka til fest. Det vart ein kombinert juletefest og jubileumsfest på bedehuset i Høylandsbygd. Kari Storstein Haug kom og fortalde om misjonen, Terje Nag holdt andakt og fleire aktørar var med og sang. Undervegs blei det servert betasuppa og kaker. Det kom mykje folk på festen som vart ein vellukka kveld.

I mai 2006 kommer Lundeneset på besøk til foreninga.

H.T



Terje Nag holder andakt.



Gang rundt juletre